

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.11.2020

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og integrering sitt forslag vart samrøystes vedteke

Innstilling til fylkesutvalet

Vestland fylkeskommune vedtek følgjande mandat for Nynorskfylket Vestland:

Nynorskfylket Vestland er eit nettverk som jobbar for auka bruk og fremjing av nynorsk på alle samfunnsområde i Vestland fylke. Nettverket er arena for deling, fagleg utvikling og språkpolitiske diskusjonar. Vi vil fremje nynorsk språkidentitet og klarspråk. Vi vil løfte nynorsk som daglegsspråk, i digitaliseringa, i kunsten, i opplæring, arbeids- og næringsliv. Nettverket kan gje råd til folkevalde organ i nynorsksaker.

Deltakarane i Nynorskfylket Vestland representerer frivillige, ideelle, offentlege og private aktørar med regional funksjon i Vestland.